



Saksprotokoll

Organ: Hovudsamarbeidsutvalet

Møtedato: 12.10.2016

Sak nr.: 16/4679-2

Internt l.nr. 34501/16

Sak: 13/16

Tittel: Fylkeshovudverneombodet i Sogn og Fjordane
fylkeskommune - rolle og ansvar

Behandling:

Frå fylkesrådmann låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet stadfestar val av Olav Vestrheim som nytt fylkeshovudverneombod (FHVO) for ein to års periode.
- 2) Vervet som fylkeshovudverneombod (FHVO) utgjør 60 % av ein heil stilling.
- 3) FHVO er fast medlem i hovudsamarbeidsutvalet har personleg varamedlem valt etter framlegg frå dei tilsette sine representantar.
- 4) Fylkeshovudverneombodet sin rolle har ikkje direkte heimel i arbeidsmiljølova, men fylkeskommunen nyttar same regelverket ved oppnemning og i forståing av rolla.
- 5) FHVO er ikkje overordna hovudverneomboda (HVO) eller verneomboda (VO) lokalt, men skal ha ei koordinerande rolle.
- 6) FHVO utøver koordineringsrolla i etablerte kontakt/nettverk med alle hovudverneomboda (HVO) som er faste representantar i sine respektive lokale arbeidsmiljøutval (LAMU).

Endringsframlegg:

Utvalet samla seg om eit nytt punkt 7 til vedtak: Øvrige vilkår for fylkeshovudverneombodet vert fastsett i eiga avtale av fylkesrådmann ved personalsjefen.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet stadfestar val av Olav Vestrheim som nytt fylkeshovudverneombod (FHVO) for ein to års periode.
- 2) Vervet som fylkeshovudverneombod (FHVO) utgjør 60 % av ein heil stilling.
- 3) FHVO er fast medlem i hovudsamarbeidsutvalet har personleg varamedlem valt etter framlegg frå dei tilsette sine representantar.

4) Fylkeshovudverneombodet sin rolle har ikkje direkte heimel i arbeidsmiljølova, men fylkeskommunen nyttar same regelverket ved oppnemning og i forståing av rolla.

5) FHVO er ikkje overordna hovudverneomboda (HVO) eller verneomboda (VO) lokalt, men skal ha ei koordinerande rolle.

6) FHVO utøver koordineringsrolla i etablerte kontakt/nettverk med alle hovudverneomboda (HVO) som er faste representantar i sine respektive lokale arbeidsmiljøutval (LAMU).

7) Øvrige vilkår for fylkeshovudverneombodet vert fastsett i eiga avtale av fylkesrådmann ved personalsjefen.